



**DET KONGELEGE
SAMFERDSELSDEPARTEMENT**

Statsråden

Stortingets President

Karl Johansgate 22
0026 OSLO

Dykkar ref

Vår ref
20/342-

Dato
14. februar 2020

**Svar på skriftleg spørsmål nr. 876 frå stortingsrepresentant Fredric
Holen Bjørdal til samferdselsminister Knut Arild Hareide**

Spørsmål:

"Korleis har overføringane og utgiftene til riksvegferjer og fylkesvegferjer utvikla seg sidan 2013?"

Svar:

Riksvegferjer

Tabellen under viser rekneskapsførte utgifter til kjøp av riksvegferjetenester i åra 2013 til 2018. Tala for åra 2019 og 2020 er tal for vedtatt budsjett.

År	Kjøp av riksvegferjetenester (kap 1320, post 72). 1000-kroner (nominelt)
2013	555 429
2014	510 885
2015	618 514
2016	861 624
2017	1 155 034
2018	1 295 951
2019	1 277 300
2020	1 487 879

Fylkesvegferjer

Ut frå KOSTRA-tal (Kommune-stat-rapporteringa) frå Statistisk sentralbyrå, har netto driftsutgifter til fylkeskommunal ferjedrift i perioden 2013 – 2018 vore som vist i tabellen under. Rekneskapstal for 2019 ligg ikkje føre.

Utgifter til fylkeskommunal ferjedrift vert dekkja av billettinntekter og frie inntekter (skatt og rammetilskott), og det ligg ikkje føre spesifiserte overføringar til ferjedrift i inntektssystemet til fylkeskommunar. Rammeskotet vart i 2018 styrkt med 100 mill. kroner som vart gjeve med ei særskild fordeling til båt- og ferjefylka. Desse midlane var også ein del av dei frie inntektene, og er frå 2020 fordelt etter dei ordnære kriteria i inntektssystemet.

År	Netto driftsutgifter til fylkeskommunal ferjedrift. 1000-kroner (nominelt)
2013	1 738 168
2014	1 887 454
2015	2 065 509
2016	2 035 702
2017	2 106 057
2018	2 327 347

Med helsing

Knut Arild Hareide

Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskreven signatur.

Kopi

Kommunal- og moderniseringsdepartementet
Statens vegvesen